

**Etne kommune**  
**SAKSUTGREIING**

Utval	Møtedato	Saknr	Saksh.
Formannskap	17.09.2013	060/13	ERK
Kommunestyre	01.10.2013	052/13	ERK

<b>Sakshandsamar:</b> Erik Kvalheim	<b>Arkiv:</b> N-653	<b>Arkivsaknr:</b> 2013000932
----------------------------------------	---------------------	----------------------------------

**RIPELSELVA KRAFTVERK - SØKNAD OM KONSESJON. HØYRING**

**Vedlegg i saka:**

Ingen

**Utrykte saksdokument:**

Følgjeskriv frå NVE datert 7.6.13 med vedlegg (orientering til høyringspartane).

Søknad om konsesjon for bygging av Ripelselva Kraftverk. Følgjeskriv frå Norsk Grønnkraft. AS til NVE datert 4.10.12

**Saksgang:**

Formannskap  
Kommunestyre


**Utskrift til:**

nve@nve.no

## SAKSUTGREIING:

1. **Kva saka gjeld:** Kommunal fråsegn til planar for Ripelselva Kraftverk på Teigland.
2. **Bakgrunn for saka:** NVE sendte søknaden på høyring 7.6.13. Vi har frist til 5.10.13.
3. **Problemstilling:**

Vi klipper inn NVE sin omtale av søknaden i høyringsbrevet og kart frå søknaden: Norsk Grønnkraft AS vil utnytte fallet i Ripelselva mellom kote 550 og kote 35. Nedbørfeltet er 1,6 km<sup>2</sup> med middelvassføring på 200 l/s. Det er planar om å overføra ein nærliggjande bekk kring kote 675, dette vil utvide nedslagsfeltet med 0,6 km<sup>2</sup> til totalt 2,2 km<sup>2</sup> og total middelvassføring 250 l/s. Frå hovudinntaket på kote 550 vert vatnet ført i nedgrave røyrgate dei første 60 metrane ned til kote 530, derifrå vert vatnet ført vidare i eit 940 m langt borehol ned til kraftstasjon på kote 35. Kraftverket er planlagt med installert effekt på 2,8 MW og maksimal slukeevne 640 l/s. Årleg middelproduksjon er berekna til ca. 8,5 GWh. Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring tilsvarande alminneleg lågvassføring på 11 l/s i Ripelselva.




Kart: Vi ser gamlevegen startar ved Åkrafjordtunet (lyseblått bygg). Åkrafjordtunnelen er raudstipla. Anleggsveg fram til inntaksdam er tenkt bygd over fjellet frå Rafdal Kraft i sørvest

Konsesjonssøknaden ligg som vedlegg 2 på linken:

<http://www.nve.no/no/Konsesjoner/Konsesjonssaker/Vannkraft/?soknad=5739&type=11>

Der ligg eit samandrag på s. 4. Vi klipper inn litt utfyllande informasjon: Delar av elva er synleg frå E 134 som kryssar elva. Elva renn ned gjennom Ripelsjuvet, som er klassifisert som ei viktig bekkekløft. Elva er lite synleg i terrenget og har vegetasjon på begge sider og har lite betyding som bilete for fjordlandskapet. Området er prega av bratte, skogklede fjordlier opp til tregrensa. Over tregrensa har terrenget eit mjukare preg og går over i småkupert fjell. Skogliene ved tiltaksområdet er dominert av lauvskog, men med enkelte spreidde furuer. Det er utarbeida ein rapport om konsekvensar for biologisk mangfald ved tiltaket. ...Den biologiske mangfaldsrapporten konkluderer med at tiltaket samla sett vil ha middels til små negative verknader og lite omfang for det biologiske mangfaldet i området.



Ripelselva kryssar under E 134 rett vest for Åkrafjordtunet. Ripelsjuvet er meir markant lenger oppe i lia. Overført elv i fjellet kjem ned aust for avkjøringa til tunet. Foto Espen Mills '09.

Det er utført omfattande inngrep i nedste del av utbyggingsområdet i forbindelse med bygging av E 134 og Åkrafjordtunet etc. På Teigland er der forutan veganlegg og næringsaktivitet spreitt busetnad, hytter, naust, båthamn mm. Ripelselva er sprengt djupare inn i eit lite juv i samband med kryssinga av E 134, så elva er ikkje veldig eksponert anna enn like ved på E 134 og frå uteområdet ved Åkrafjordtunet. Begge berørte vassdrag er lokalt synlege frå fjorden utanfor. Foto s. 11 i søknaden syner stasjonsplassering, Ripelsjuvet og Teigland sett frå nord. Kart s. 12 syner dei to nedslagsfelta. Foto s. 15 syner inntaksområdet ved den gamle stølen Ripelen. Fleire foto i vedlegg 5.

Vi syner til vedlagt søknad, og refererer berre det vi meiner er viktigast for vår uttale. Utbyggjar er Norsk Grønnkraft AS, grunneigarar Arne Markhus og Jakob Markhus. Utbyggingskostnad om lag 26,6 mill. kr., som gir en pris på 3,14 kr./kWh. Overføring av nabovassdraget i aust på kote 675 er planlagt med ein kum og overlaupsrør på om lag 90 m. Det vil bli nytta helikoptertransport ved bygging av hovudinntaket på kote 550 ovanfor Ripelsjuvet (for utstyr som ikkje kan kome via anleggsvegen frå Rafdal). Inntaket blir om lag 18 m breitt. Der trengs mellombels veg for nedgraving av 60 m røyrgate mellom inntak og borehol. Tunnelboring er planlagt ovanfrå og ned. Massar frå boring kan t.d. nyttast til lokalt vegvedlikehald, boreslam vert handsama etter gjeldande reglar. Kraftstasjonsplassering på oppsida av gamlevegen, storleik 100 m<sup>2</sup>, lokal byggeskikk, 40 m stikkvegg, om lag 450 m vest for Åkrafjordtunet. Noko støy kan påreknast frå stasjonen, men tiltak vil bli vurdert.. Kopling via 75 m jordkabel til eksisterande lokalt straumnett (SØK) ved munninga av Åkrafjordtunnelen. Der er ikkje kapasitet på overordna nett, jf. sak om Miljateig/Skålnes.

Vi refererer frå s. 18: Fordeler og ulemper ved tiltaket:

Fordeler:

- Kraftproduksjon tilsvarande om lag 500 husstandar.
- Samfunnsmessige fordeler gjennom verdiskaping og inntekter til grunneigarar, utbyggjar og kommune gjennom inntekts- og eigedomsskatt.
- Arbeidsplassar i anleggsperioden kring 3-4 årsverk, og i driftsfasen kring 0,3 årsverk.

Ulemper:

- Redusert vassføring på strekningen fra inntaket til utløpet på kraftstasjonen.
- Det kan bli noe støy og mer trafikk enn vanlig i anleggsperioden.
- Det vil bli lagt vekt på at konsekvensene for reindriften i området minimaliseres.

Konsekvensutgreiinga er utført av Ambio Miljørådgiving AS (s. 22-25 + vedlegg 3). Omsøkte planar har også konsekvensar for biologisk mangfald og bortfall av urørt natur INON. Ripelsjuvet er også grundig undersøkt i samband med eit statleg initiert bekkekløftprosjekt i 2009 (vedlegg 4). Juvet går frå kote 40 – 500, ein del parti er lite tilgjengeleg, så dei brattaste delane er ikkje undersøkt. Området blir vurdert å ha mellom nasjonal og regional verdi som bekkekløft, med vekt på nasjonal, verdi 4 i ein skala der 1 er lågast og 6 høgst. Får kategori A *Svært viktig* i naturtypekartlegging for Etne kommune (2009), høgde mangfald av planteartar (inkl. kalk- og næringskrevjande artar nær vasstrengen), særmerkt, fukt-krevjande mose- og lavflora, potensiale for raudlisteartar, innslag av høgstaudeskoger, alm – gråorskoger og gråor – heggeskog (omsynskrevjande vegetasjonstypar) samt beitemark. Urørt preg i juvet.

Når det gjeld fisk og vilt så er der ikkje spesielle verdier i planområdet. Konsekvensane ved utbygginga vert av Ambio vurdert som *middels negativ* for naturverdier. Når det gjelder friluftsliv, så er dei delane av Etnefjella som er berørt her ikkje mykje i bruk som turområde.

#### 4. Vurdering:

Det er behov for å knytte nokre kommentarar til delar av søknad og konsekvensutgreiing. Normalt er utgreiingar om natur- og bruksverdiar i vassdragssaker svært grundige og detaljerte. Derfor burde nabovassdraget, der ein planlegg å overføre det meste av nedbørfeltet, vore noko meir omtalt. Etter det vi kan sjå er der heller ikkje nemnt noko om minstevassføring her (er truleg ikkje ønskjeleg av omsyn til økonomien). Elva går i nedre delar gjennom eit område med naturtype haustingsskog (inkl. m.a. næringsrik edellauvskog og styvingstre, raudlisteartar av lav, verdi B i naturtypekartlegginga for Etne kommune). Området er berre vist på kart i vedlegg 4 i søknaden, dvs. det statlege bekkekløftprosjektet. Sjølv utan minstevassføring synast konflikten som følgje av utbygginga å vere avgrensa, men området burde i alle høve vore omtalt og vurdert. Etter det vi veit er også Teigland Vassverk etablert med basseng i nedre del av denne elva, i så fall skulle dette også vore nemnt.

Når det gjeld INON, så er der truleg gjort ein feil her. Ein har ved måling av kor stort område urørt natur som fell vekk teke utgangspunkt i øvre del av Ripelsjuvet. Spørsmålet er om ikkje inngrepa ved overføringskummen på kote 650 også slår ut på INON, og skulle vore nytta som utgangspunkt for arealutrekningane. Det står s. 25 at søkjar ikkje reknar kummen «som noko reduksjon av naturelement, det vil vera ein liten installasjon med overlaup, slik at vatnet sildrar over og rundt den». Slik vi kjenner kriteria, vil inngrepet slå ut på INON. Naboelva vert også fråført vassføringa si herifrå, noko som normalt slår ut på INON. Anleggsvegen over fjellet frå Rafdal Kraftverk slår også ut. Vi veit ikkje kor store dei korrekte areala for INON blir, men som nemnt i søknaden for Skålnes/ Miljateig må INON i alle høve sjåast på i ein heilskap for alle dei omsøkte tiltaka i dette området, inkl. søknaden for Markhuselva. Grunnlagskartet er heller ikkje heilt oppdatert, t.d. for inngrepa på Rafdal ved Tretteteigselva.

I høve til planstatus s. 19 burde det vore nemnt i søknaden at der er markert eit friområde i kommuneplanen mot sjøen like aust for planlagt kraftstasjon. Under tema brukarinteresser s. 26 kunne ein så lagt til at det er den lokale badeplassen Sandvik som ligg i dette friområdet, om lag 120 m frå stasjonen (jf. støyvurdering etc.). Der har også vore planar om å bygge kai for turistbåten til Åkrafjorden Oppleving AS i dette området, men vi veit ikkje kor realistiske desse er i dag.

Når det gjeld verknadene for biologisk mangfald i Ripelsjuvet, så formulerer Ambio seg delvis annleis enn søkjar. På s. 27 blir det nemnt at minstevassføring er viktigaste avbøtande tiltak, vidare seier søkjar at «Det er ikkje kjent at spesielle naturverdiar er avhengig av den vassføringa som er i elva i dag». Ambio vurderer påverknaden til *middels negativ*. På s. 18 i KU seier dei: «I denne vurderingen er det tatt hensyn til at utbyggingen vil påvirke det naturlige økosystemet her, og at inngrepene i seg sjølv vil devaluere bekkekløfta som naturtype. Det er noe usikkerhet knyttet til i hvilket omfang plantene i kløfta vil bli berørt. Det må likevel legges vekt på at en viktig del av plantelivet er knyttet til arealer nærmest elva. Dette indikerer at elvas betydning som fuktighetskilde kan være betydelig. Ved å redusere vannføringa i elva, vil derfor også artsmangfoldet på sikt trolig bli berørt». Ripelsjuvet som bekkekløft vurderes som relativt sjelden i Etne kommune, i ein større samanheng er naturtypen vanlegare (s. 20).

Energi- og klimaplanen for Etne kommune 2011-2016 seier at vi skal jobbe for å etablere fleire vasskraftverk i kommunen, for større lokal klimavenleg energiproduksjon. Planen seier også at all vasskraftutbygging skal ta omsyn til og vurdere dei lokale og regionale natur- og miljøtilhøva. Trass kommentarane nemnt over, meiner rådmannen at der er overvekt av

positive verknader knytt til planane for Ripelselva. Sjølve terrenginngrepa er avgrensa og delar av areala vil gro igjen på sikt. Bruksinteressene i området er låge. Verdiskapinga er stor, både for berørte aktørar, lokalt næringsliv og kommunen (7 promille av byggekostnaden gir 186.000 kr. i årleg eigedomsskatt). Restvassføring, flaumar og minstevassføring vil gå i dei opphavlege elveleia og redusere ulempene for natur og landskap. Størst del av pålagt minstevassføring kan gjerne leggjast til sommarhalvåret.

Når det gjeld vurdering av heilskapen knytt til andre vasskraftsanlegg og -søknader i Åkrafjorden, overordna nett, verna vassdrag, sakshandsaming vidare etter høyringa inkl. ev. motsegn frå fylkesmannen i Hordaland, INON, mm. så gjelder det meste som står i saka om Miljateig/Skålnes også for Ripelselva Kraftverk. Vi klipper det inn her, ørlite redigert:

Vi reknar at om lag 60 % av Etne kommune sitt areal er freda som nasjonalpark eller verna vassdrag. Då må delar av dei resterande ressursane etter rådmannen sitt syn kunne nyttast, når ulempene er avgrensa.

Prosjekta i Miljateig/Skålnes og Ripelselva er dei to siste søknadene frå fjorden, som vi har venta på skulle kome på høyring. I samband med slutthandsaming må NVE sjå heilskapleg på kraftsøknadene i området. Dette også grunna mangelen på overordna nett. Frå tidlegare har Viskjer og Skidalsvatnet på Eikemo fått konsesjonsfritak. Kvanndalselva, Djuvselva, Markhuselva, Tøsse, Eikemo (nedstraums stølen), Håfoss og Rullestad/Skromme har vore på høyring og ventar på slutthandsaming. I alt utgjer dei nemnte prosjekta ei kraftmengd på kring 260 GWh. Allereie utbygde vassdrag i fjorden er Rafdal/Tretteteig, Saltåna og Stølselva på Bergstø, pluss to elver på Åkra i Kvinnherad. Verna vassdrag er Vaulavassdraget med Langfoss, Saltåna, pluss Mosneselva i Folgefonna nasjonalpark og Etnevassdraget, som grensar mot Vaulavassdraget i aust.

Vegen vidare etter høyringa for Miljateig/Skålnes og Ripelselva er synfaring i haust. Normalt deltek det her representantar frå søkjar/konsulent, NVE, fylkesmannen og Etne kommune. Dersom fylkesmannen kjem med motsegn i sin høyringsuttale, noko dei gjorde for søknaden i Markhuselva (i hovudsak grunna bortfall av urørt natur), seier sakshandsamingsreglane at NVE og fylkesmannen skal ha møte og diskutere motsegna, ev. prøve å finne ei løysing. Deretter må fylkesmannen bestemme seg for om dei vil trekke eller oppretthalde motsegna (for Markhuselva skjedde det siste). NVE føretek så si slutthandsaming; dersom dei likevel tilrår utbygging vil dei grunngi kvifor dei er usamd i motsegna til fylkesmannen, som så følgjer saka vidare til OED.

Sidan bortfall av INON er tema for både Miljateig/Skålnes og Ripelselva, er det å forvente at fylkesmannen også kjem med motsegn no. NVE vil i si handsaming truleg sjå Miljateig/Skålnes og Ripelselva i nær samanheng med søknaden for Markhuselva, ev. også skule mot Viskjer og Rafdal, m.a. grunna reglane i naturmangfaldlova § 10 om å vurdere den samla påverknaden av alle planlagde og eksisterande tiltak. Truleg vert den same heilskapen då også tema i eit ev. møte om motsegner frå fylkesmannen.

Etne kommune har i samband med kraftplanane på Rullestad/Skromme kravd at styresmaktene ser heilskapleg på utfordringane knytt til overordna kraftnett i Åkrafjorden, slik at tilrekkeleg mange kraftsøknadar får løyve, for å kunne finansiere felleskostnadene.

Kraftanlegg er unnateke byggesakshandsaming etter PBL, men det er vanleg å søkje om delingssak for anlegget (som t.d. gjort for Akslandselva), slik at det blir delt i frå hovudbruket. Det vert då gjort ei handsaming i høve til planstatus, strandsone o.l.

#### **TILRÅDING FRÅ RÅDMANNEN:**

Etne kommune støtter omsøkte planar for bygging av Ripelselva Kraftverk. Tiltaket syner overvekt av nytte i høve til ulemper. Innan dei fleste fagtema er ulempene avgrensa.

Kommunen er positiv til å leggje størst del av pålagt minstevassføring til sommarhalvåret.

Lokal verdiskaping er særst viktig for lokalsamfunnet i Åkrafjorden og Etne kommune. Auka produksjon av rein og fornybar energi er blant dei viktigaste bidraga kommunen kan gi i høve til overordna klimaspørsmål.

#### **17.09.2013 FORMANNSKAP**

#### **F-060/13 TILRÅDING FRÅ ETNE FORMANNSKAP TIL ETNE KOMMUNESTYRE: (samrøystes)**

Etne kommune støtter omsøkte planar for bygging av Ripelselva Kraftverk. Tiltaket syner overvekt av nytte i høve til ulemper. Innan dei fleste fagtema er ulempene avgrensa.

Kommunen er positiv til å leggje størst del av pålagt minstevassføring til sommarhalvåret.

Lokal verdiskaping er særst viktig for lokalsamfunnet i Åkrafjorden og Etne kommune. Auka produksjon av rein og fornybar energi er blant dei viktigaste bidraga kommunen kan gi i høve til overordna klimaspørsmål.

#### **01.10.2013 KOMMUNESTYRE**

#### **K-052/13 VEDTAK: (samrøystes)**

Etne kommune støtter omsøkte planar for bygging av Ripelselva Kraftverk. Tiltaket syner overvekt av nytte i høve til ulemper. Innan dei fleste fagtema er ulempene avgrensa.

Kommunen er positiv til å leggje størst del av pålagt minstevassføring til sommarhalvåret.

Lokal verdiskaping er særst viktig for lokalsamfunnet i Åkrafjorden og Etne kommune. Auka produksjon av rein og fornybar energi er blant dei viktigaste bidraga kommunen kan gi i høve til overordna klimaspørsmål.

02.10.13  
ETNE KOMMUNE  
Rett utskrift  
Eva Wuk Hustoft